Til
ÅRSMØTET
Oslo Nei til EU

# Ettersynsmelding 2019

Me hev ettersett rekneskapen til Oslo Nei til EU for rekneskapsåret 2019. Rekneskapen er samansett av resultatrekneskap og jamvekt (balanse), båe delane hev presiserande notar. Rekneskapen er lagd fram av styret.

Rekneskapen syner eit yverskot på kr 227 088,01 og eigenmidelen er etter dette per 31.12. 2019 på kr 1 506 777,13.

Me hev gjennomført dei ettersynshandlingane som me hev sett som turvande for å få stadfest at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege mistak eller manglar. Me hev kontrollera utvalde delar av vedleggi som ligg til grunn for rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippi som er nytta.

Under ettersynet er det kome fram at resultatet ikkje samsvarar med auka bokførd eigenmidel og at samla sum kundekrav ikkje samsvarar med spesifikasjonane av kundekravi. Ettersynet hev i dialog med kassastyrar kome fram til at det mest rekningssvarande for ONTEU er å leggja inn tali på ny og få ei rett jamvekt frå 1.1. 2020. Mistaki er etter kva som er kome fram bokføringstekniske og programtekniske. Dei vanskane som er kome fram gjer ikkje at tali i jamvekti inneheld *vesentleg* mistak. Det er dimed ikkje turvande med meir grunnleggjande granskingar.

Den framlagde rekneskapen gjev etter meiningi vår eit rett bilæte av drifti i rekneskapsbolken og jamvekti gjev, med atterhald om det som er nemnd framom, eit godt uttrykk for den finansielle stoda per 31.12.2019.

Me rår difor til at årsmøtet godkjenner den rekneskapen som styret har lagt fram.

Oslo, 4. mars 2020.

Dag H. ... Torleiv Holmestrå